

Spøkelseshuset

i 71b

jente N

Eg står utanfor eit gammalt hus. Eg har postet i huset. Eg står med posten i handa, og det står: Hekseskogen 22 og det er her! Eg går hurtig fram til porten. Det luktar svidd. ~~Asj!~~ Ikkjer eg, Noko så ekkelt!

Når eg oppnar porten delt den saman og ved muren på begge sidar kjem det ut ein heil flokk med flaggermus, og dei styrtar rett i mot meg! Eg dukkar i siste sekund før dei flyg ^{rett} gjennom den mørke natta.

Eg står framfor døra og veit ikkje om eg tør å banke på. Eg bankar på til slutt. BANK BAN... BAM! Så datt døra i golvet. Eg pustar raskt, mens eg ropar og titter inn i det mørke store huset. - H-hallo? E-er det n-nokon her?... Eg høyrde eit dunk bak meg, og eg sprang inn i huset. Det var litt lyst etter døra datt ned. Plutselig var det mørkt. Døra var på igjen! Det kom månelys inn frå dei små vindauge.

Eg såg meg rundt, det var faktisk ganske fint her, men det kunne trengst litt støvorking osv. Eg gjekk bakover til eg kjende vegg og plutselig

Skrudde lyset seg på. Eg er ikkje
åleine! - Vel, vel... Sa ei stemme bak
meg. Eg snudde meg raskt, men det
var ingen der. - Hur snedig, tenkte eg.
Eg gjekk vidare heilt til og hørde
stemma igjen men nå sa den:

- Har du post til meg? Sa stemma.

Det høyrdes ut som ei jente.

- Ja... Sa eg med ei skjelvende røyst.

- Bli med meg opp trappa så kan eg
sjå på posten, sa stemma. Eg syntest
det var litt snålt fordi eg ikkje såg
ho, men eg gjekk sakte opp trappa for det.

- Eg skrur på lyset og, sa stemma
svakt. Lyset vart slått på og eg kunne
sjå alt. Det sto ein eldgammel sofa i
eit hjørne sammen med eit bord og
ein radio. Veggane var malt blå
og gulvet var i grunnen veldig...

Nåttert. Det lukta dædt blanda med
målingslukkt. Når eg såg litt lenger
inn i rommet kunne eg sjå ein
skikkelse som vinka meg til seg.

- Kom med posten da!, ropa det
høyt og høgt. Når eg kom nærmare
såg eg at det kanskje kunne vere jente, eg prøvde
No kunne eg sjå ho! Hø ut eit
Spøkelse!!

- Kva heiter du? Sa eg litt redd.
- [F1] . Sa spøkelset hest - Og du?
- [F2] - Svarte eg med litt meir vennleg
stemme. - Ikkje droy tida, sei [F1] og
gjekk inn i døra. Det kom veldig
mykje lys ut av rommet og ikkje før
no såg eg kortleis [F1] eigentleg
såg ut. Ho hadde lyst kjempe, kjempe
langt hår, lyse blåe augo og ein
kjempe fin kjole i rosa og blått.
I rommet var det ein pult som såg ut
til å falle frå kvarandre når som
helst. Det var ein stol og ei seng der
også. - Legg posten på pulten imens
eg litar etter... nok. Kva skulle
ho leite etter? Jaja.. tenkte eg og la posten
hennes på pulten. Når ho kom tilbake
hadde ho ein kniv i handa. - Legg den
ned!, brølte eg. - Kvifor? Sa [F1] med
eit breiddt smil om munnen og begynte
å gå sakte mot meg. Eg viste ikkje kva
eg skulle gjere, til eg hugsa at ein berre
1 kan gå rett gjennom spøkelse så eg
sprang mot ho og sklei på magen ut
døra og slo døra igjen og sprang ned
trappa. [F1] kom styrtandes mot meg
med kniven i handa som var
heva mot brystet mitt. Ho kyla høgt

slik at eg landa på bakken akkurat
 idet ho skulle til å stikke meg og eg
 kunne reise meg att. Ho kom ein gong
 til bote meg og eg dukka og sprang
 ut døra og rett heim. Eg lærte ho
 ting av det eg såg idag. 1. Eg skal
 aldri vere postbud igjen. 2. Eg skal
 aldri vere ved utkanten av skogen.

Slutt